



Avtale om samarbeid og leveranse av tenester

mellom

Hordaland fylkeskommune

og

Business Region Bergen AS

2015-2019

1. Formål

Hordaland fylkeskommune og Business Region Bergen AS skal samarbeide om å styrke det regionale næringsutviklingsarbeidet i regionen.

2. Målsettingar

Avtalen skal medverke til å realisere fylkeskommunale mål og strategiar for næringsutvikling slik dette er formulert i Regional Næringsplan 2013 – 2017 og årleg Handlingsprogram for Næringsutvikling i Hordaland (HNN) og samstundes medverke til å nå målsettingane i Strategisk Næringsplan for Bergensregionen (SNP).

Samarbeidet skal også medverke til å nå Business Region Bergen AS sin visjon om å vere drivkraft for kompetansebasert næringsutvikling i regionen og bidra til at selskapet kan få resultat innafør sine innsatsfelt slik dei er nedfelt i verksemdsplanane.

3. Business Region Bergen AS sine leveransar i samarbeidet

Business Region Bergen AS skal særleg legge vekt på:

- **Næringsvenleg offentleg sektor.** Bidra til at eigarkommunane utviklar næringsvenlege og effektive offentlege tenester. Vidareutvikle etablerartenesta i samarbeid med Hordaland fylkeskommune og eigarkommunane.
- **Marknadsføring og omdømmebygging.** Gjere synleg at regionen er ein attraktiv stad å flytte til og drive næring i.
- **Internasjonalisering.** Eige og drive prosjektet «Invest in Region Bergen».
- **Strategisk Næringsplan for Bergensregionen.** Initiere, finansiere og gjennomføre prosjekt som BRB har ansvar for i SNP og rapportere status, framdrift og resultat i alle SNP-prosjekta (også de som BRB ikkje har ansvar for).

I dei årlege tildelingsbrevva frå fylkeskommunen kan oppgåvene bli nærare presisert.

4. Fylkeskommunen sine oppgåver og bidrag i samarbeidet

Som delvis finansiering av oppgåvene nemnt under punkt 3, skal fylkeskommunen yte eit årleg økonomisk bidrag. Dei fylkeskommunale midlane skal utbetaltast innan 1. april kvart år, men ikkje før rapporten for året før er godkjent (sjå punkt 6).

Midlane er ikkje til hinder for at Business Region Bergen AS kan søke prosjektfinansiering til konkrete utviklingsprosjekt.

Fylkeskommunen skal kunne delta på administrativt og/eller politisk nivå i aktivitetar og prosjekt som Business Region Bergen AS er ansvarleg for etter nærare avtale.

Fylkeskommunen skal medverke til at Business Region Bergen AS kan dra nytte av dei ressursane og den kompetansen som fylkeskommunen med samarbeidspartnarar rår over.

5. Organisering av arbeidet

Det blir lagt til grunn at arbeidet blir gjort i nært samarbeid med administrativ og politisk leing i fylkeskommunen. Arbeidet skal også koordinerast med aktuelle nettverksorganisasjonar sitt arbeid med å gjennomføre tiltak som er forankra i HNN og SNP. Ut over dette er det opp til Business Region Bergen AS å avgjere kven dei vil samarbeide med og korleis dei vil organisera og drive arbeidet.

6. Rapportering

Rapportering og dialog skal skje gjennom regelmessige møte mellom Business Region Bergen AS og Hordaland fylkeskommune, men minst 2 gonger pr år.

Innan 1. mars kvart år skal Business Region Bergen AS sende ein kortfatta rapport til fylkeskommunen om bruken av dei fylkeskommunale midlane. Det skal rapporterast på gjennomførte tiltak og oppnådde resultat i høve til oppgåvene nemnt under punkt 3 og til dei mål og krav som blir sett i dei årlege tildelingsbreva frå fylkeskommunen.

I tillegg skal Business Region Bergen AS sende årsmelding og revisorattestert årsrekneskap til fylkeskommunen så snart dette ligg føre.

Fylkeskommunen ber også om å få tilsendt kopi av BRB sin årsrapportering til andre som ytar tilskot til Business Region Bergen AS.

7. Tidslengd, beløp, oppseiing og innsyn

Denne avtalen gjeld i 4 år frå 2015 til og med 2018, men med ei vurdering etter 2 år.

Den årlege løyvinga frå Hordaland fylkeskommune skal bereknast slik: kr 5 pr innbyggjar for heile verkeområde pluss kr 10 pr innbyggjar for kommunane utanom Bergen. Det fylkeskommunale bidraget blir gjort avhengig av at kommunane bidrar med sin del. I 2015 vert løyvinga likevel berekna utifrå 100% oppslutnad frå eigar kommunane, deretter som skissert over (sjå vedtak i fylkestinget 10.12.2014, [PS 92/2014](#)).

Størrelsen på det årlege bidraget frå fylkeskommunen vert gitt i tilsegnsbrevet. Beløpet kan bli justert som følge av den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen og/eller som følge av endra nasjonale rammer og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane.

Større endringar i dei fylkeskommunale rammene for ordninga gir Business Region Bergen AS rett til å seie opp avtalen. Større endringar i organisering, eigarskap eller overordna strategi for Business Region Bergen AS gir fylkeskommunen rett til å reforhandle eller seie opp denne avtalen.

Ved mislighald kan begge parter seie opp avtalen med 1 månads varsel.

Dersom Business Region Bergen AS blir lagt ned eller misligheld avtalen, kan fylkeskommunen krevje heile, eller deler av, partnerskapsmidlane tilbakebetalt.

Fylkeskommunen eller fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid høve til å kontrollere at vilkåra for tilskottet blir helde. Business Region Bergen AS plikter å gje dei opplysningane som fylkeskommunen ber om.

Bergen 25/3-15

For Hordaland fylkeskommune

Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling



For Business Region Bergen AS

Ole Hope
Administrerende direktør